

REGLAR FOR TILSKOT TIL SEPARERING AV PRIVATE STIKKLEIDNINGER I GRØNLANDSOMRÅDET

1. Generelt

Meland kommune har vedteke å separere avlaupsleidninga i Grønlandsområdet på Frekhaug. Dette inneberer at overvatn ikkje lenger skal gå i same leidning som kloakk, men i atskilte leidningar for overvatn og spillvatn. Separeringstiltaket ligg inne i Tiltaksplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2015-2019, godkjent i kommunestyret 17.12.2014. Tiltaket er prioritert gjennomført i 2015-2016 jf. økonomiplan investering.

Årsaka til at det er nødvendig å separere avlaupssystemet i Grønlandsområdet er at det i dag kjem inn store mengder framandvatn i avlaupsrøyra. Ved store nedbørsmengder eller snøsmelting vert dette eit problem ettersom kommunen sitt avlaupsreinseanlegg på Varnappen blir overbelasta. Når reinseanlegget ikkje har kapasitet til å ta i mot alt avlaupsvatnet, vil delar av avlaupet gå i overløp, og dermed gå ureinsa direkte på fjorden. Det er kostbart å reinse avlaupsvatn, og det er difor generelt sett uheldig at mykje vatn som ikkje treng reinsing kjem inn på reinseanlegget saman med avlaupsvatnet.

I dag er overvatn frå tak- og vegsluk kopla direkte inn på det kommunale avlaupssystemet. Når prosjektet er gjennomført vil alt dette vatnet gå i nye overvassledningar. For å oppnå dette er det nødvendig å gi pålegg om separering av private stikkleidningar. Til støtte for dette viktige arbeidet har kommunen vedtatt å gi tilskot til eksisterande abonnenter for separering av private avlaupsledningar etter nedanstående reglar for tilskot.

2. Tilskotsberettigte

Tilskot vert gjeve:

- Til abonnenter som separerer etter pålegg frå kommunen

Tilskot vert ikkje gjeve:

- Dersom frist for pålegg om separering ikkje blir overholdt

Tilskotsordninga for separering av private stikkleidningar gjeld frå den dagen den er vedteke, og har ikkje tilbakeverkande kraft.

3. Tilskotssatsar

For separering vil det bli gjeve eit tilskot mellom 25 % og 50 %, utrekna etter følgjande satsar:

25% tilskot frå kr. 0,- til kr. 10.000,-

50% tilskot frå kr. 10.000,- og høgare

4. Berekningsgrunnlag

Tilskotet vert berekna ut frå dei faktiske dokumenterte kostnadene abonnentane har hatt for å separere. Eigeninnsats skal ikkje reknast med. Utgifter til stikkleidningane, frå tilknytningspunkt ved hovudleidningane og til og med stake- og drenskum er grunnlaget for berekning av tilskot. Arbeid med separering av ledningene under kjellergulv reknast ikkje med i grunnlaget for tilskot, sjølv om

dette arbeidet er nødvendig for å oppnå fullstendig separering. Evt. skifte av defekte private vatn- eller avlaupsleidningar vil det ikkje bli gjeve tilskot for.

5. Utbetaling

Utbetaling av tilskot er avhengig av at tiltaket er utført innan gitt tidsfrist. Det må søkjast skriftleg om tilskot. Eige søknadsskjema skal nyttast ved søknad om tilskot. Dette blir tilsendt saman med pålegg om separering. Søknaden må innehalde kvitteringar for utgiftene. Utbetaling av tilskot skjer ikkje før ferdigmelding frå røyrlegger ligg føre, og er godkjent av kommunen.

6. Frister

Tilbod om tilskot er avhengig av at tiltaket er utført innan gitt tidsfrist. Dersom separering ikkje skjer innan fristen, fall tilskotet bort. Kommunen kan da ilegge forurensingsgebyr i henhold til forurensingsloven § 73. Tvangsgebyret vil bli eit beløp som tilsvarar tredobbelt årsgebyr for avlaup for bustaden, basert på stipulert forbruk iht. kommunen sin forskrift om vatn- og avlaupsgebyr, i den perioden tvangsgebyret vert gjort gjeldende. Kommunen kan også føreta tvangsgjennomføring av tiltaket, på eigar si rekning.

Ved kommunalt nyanlegg eller saneringsanlegg:

Frist vert fastsett ut frå framdrift av anlegget.

7. Klage

Klage på enkeltvedtak vedrørande søknad om tilskot etter dette reglement går i henhold til kommunen sine reglar til Klagenemda.

8. Ikraftsetting

Reglane for tilskot gjeld frå 01.01.2016.